



Christina Dahl kjem tilbake til Kvinnherad med Sophisticated Ladies. Bilde frå ho spela med kvartetten sin i Dønhaugkjedlaren i mars i fjor.

Dei siste åra har Husnes jazzklubb lagt dei fleste klubbkveldane til Dønhaugkjedlaren, og dermed vert desse jazzkonsertane eit ekstra godt tilbod til oss uskedelingane. Denne våren er det planlagt 2 jazzkveldar på Dønhaug, men aller først slår Husnes Jazzklubb til med konsert med dyktige Karina Opdal frå Sunde, Alex Hutton og venner i Kulturhuset Husnes i morgon, 19.januar.

Konserten på Husnes vert arrangert i samarbeid med Kulturhuset, og konsertstart er kl.21, medan dørene opnar for publikum ein time før.

Men det er godbitar som kjem til Dønhaug utover våren og. Først ute er **Kira Martinis kvartett** som vert karakterisert som ei dansk perle. Kira Martini fekk sitt gjennombrøt i 2013 då ho gav ut albumet 'Kira Martini presents Martini's' som var fullt av blås, hjartevarme og rytmar frå det fargerike musikkuniverset i New Orleans og Brasil. Seinare har ho utvikla seg m.a. ved å vera busett i Brasil, og ho stiller no i front for ein sterk kvartett som presenterer musikk av ulike genrar som bossa, samba, New Orleans funk, tradisjonell jazz i tillegg til nokre originale komposisjonar av Kira Martini sjølv. I kvartetten har sangaren Kira Martini med seg svært dyktige musikarar som trakterer klaver, harmonika, bass og trommer. Av og til sper ho også på med blåsarar. Kira Martinis kvartett kjem til Dønhaugkjedlaren den 9.mars.

Den 6.april er det klart for ein ny flott jazzkveld på Dønhaug. Då kjem kjende namn frå det Vestlandske jazzlivet når **Sub Trio** entrar scenen. Stein Inge Brækhus på trommer og bassist Svein Folkvord skaper eit godt og stødig fundament slik at humoristen og saksofonisten John Pål Inderberg får stort spelerom til å visa sine evner som solist og improvisatør.

Husnes Jazzklubb har alt lagt planar om fleire klubbkveldar til hausten. 28.september kjem **Sophisticated Ladies** frå København med den kjende saksofonisten **Christina Dahl** på laget. Ho har tidlegare vitja jazzklubben både på Dønhaug og Husnes med stor suksess. Kor konsertane til hausten vert, er ikkje endeleg avgjort enno. Vi får håpa dei held fram å ha ein del på Dønhaug. Dette er eit godt og triveleg tilbod som uskedelingane verkeleg bør nytta seg av.

Husnes jazzklubb har siste året hatt gledeleg vekst i medlemstalet. Vi kan melda oss som medlemmer på arrangementa, eller vi kan betala inn til konto 3460.20.39686 og skriva medlemspengar 2018, namn og epost-adresse i meldingsfeltet. Medlemskap gjev 20-25% avslag i prisen på billetter.

Vårsesongen startar altså i morgon med godbiten Karina Opdal med venner i Kulturhuset Husnes. Denne konserten skulle egentleg vore før jul, men måtte då utsetjast.

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland